


INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET

1/2021

Jan 2021



Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Storms veg 2
2680 VÅGÅ
postmottak@vaga.kommune.no



Tlf. 61 29 36 00

SØKNADSFRISTER

Søknad om produksjonstilskot 2021 Del 1. Søknadsfrist 15.03.2021.
Det er berre husdyrprodusentar som skal søkje ved del 1.

GJØDSELPLAN

Landbrukskontoret har i dag ikkje kapasitet til å utarbeide gjødselplanar og/eller distribuere jordprøver.

Ta kontakt med Norsk landbruksrådgiving Innlandet

- Ragnhild Sjurgard, m. 90071671, ragnhild.sjurgard@nlr.no
- Kjersti Nystuen Sveen, m. 47305099, kjersti.sveen@nlr.no
- Sigurd Eggen, m. 92241345, sigurd.eggen@nlr.no
- Jan-Erik Mæhlum, m. 97551501, jem@nlr.no

KRAV TIL GJØDSELPLAN

Forskrift om gjødslingsplanlegging gjeld for alle føretak som disponerer jordbruksareal med planteproduksjon og som har rett til produksjonstilskott. I forskrifta er det følgjande krav:

Det skal utarbeidast gjødselplan for kvar vekstsesong. For føretak som har ein enkel driftsform, liten variasjon i arealbruken eller ekstensiv driftsform, slik at gjødslingsbehovet varierer svært lite frå år til år, kan gjødselplanen vare inntil 5 år når dette blir godkjent av kommunen. ***Men*** føretak som disponerer husdyrgjødsel frå meir enn 5 gjødseldyreiningar dvs. 5 mjølkekyr, 35 vinterfôra sauer osb. ***skal*** ha ein årleg gjødselplan.

Gjødselplanen skal ha ei kartskisse som syner skifteinndelinga. Det skal vere jordprøver som maksimalt kan vere 8 år gamle. Planen skal setjast opp skiftesvis, og gi opplysningar om areal, jordart og jordanalyser for pH, fosfor, kalium og moldinnhald. Vidare skal det opplysast om forgrøde (fjorårets vekst), årets vekst, forventa avlingsnivå, årets gjødslingsbehov for nitrogen, fosfor og kalium,

samt planlagt bruk av husdyrgjødsel og mineralgjødsel.

Sjølve utrekninga av gjødslingsbehovet skal avpassast etter jordprøveresultat for fosfor, kalium og moldinnhald, samt vekst, gjødslingsnormer for distriktet, avlingsnivå og forgrøde.

Forskrift om produksjonstilskot og avløysertilskot i jordbruket samt forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket set krav om at den som søker om tilskott på areal skal oppfylle vilkåra i forskrift om gjødselplanlegging.

Dersom eit føretak som søker produksjonstilskott på jordbruksareal ikkje har gjødselplan i det heile teke, er normen at det totale tilskottet til jordbruksareal blir avkorta med 20 %. Dersom gjødselplanen er mangelfull, er normen at det skal bli avkorta *inntil* 20 % av det totale tilskottet til jordbruksareal. Dette vil vere litt avhengig av kor mangelfull gjødselplanen er.

For å unngå trekk i tilskott, ha gjødselplan før vekstsesongen!

LANDBRUKSFOND

Det er avsett 250 000 kr til landbrukstiltak også i 2021.

Jordbrukstiltak: Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, nydyrking og grøfting, støtte til mindre investeringar til utbetring/ombygging av driftsbygningar som ikkje får støtte hjå Innovasjon Norge.

Solcellestrømproduksjon (berre i Sel).

Skogbrukstiltak: Ungskogpleie, nyanlegg/ombygging av skogsvegar, drift i bratt terreng.

Diverse: Tilskott til omdømmebygging.

For mange ordningar er maksimal tilskottssats kr. 30 000,- For utmåling og komplett regelverk sjå www.vaga.kommune.no



LANDBRUKSVIKAR

Vågå kommune har to landbruksvikarar. Frå 1. mars 1,8 stillingar. Dei kan tingast hjå servicetorget i Vågå, 61293600.

1. prioritet er sjukdomsavløyning, men dei kan og nyttast til ferie- og fritidsavløyning eller til gardsarbeid generelt viss dei er ledige. Det blir vanlegvis ikkje tildelt landbruksvikar i helgene. Landbruksvikar kostar 1 670 kr. pr. dag.



BU- TILSKOTT FRÅ INNOVASJON NORGE

Innovasjon Norge opplyser at regler, prioriteringar og utmåling for BU-ordninga vil bli om lag dei same i 2021 som i 2020. BU-saker vert behandla fortløpande etter kvart som dei vert sende inn.

Tradisjonelt landbruk

Produksjonar er prioritert på fylgjande måte:

1a) Grovfôrbaserte husdyrproduksjonar. Omfattar også gjødsellager og driftsbygningar til aktiv setring. Modernisering av små og mellomstore mjølkeproduksjonsbruk og ombygging frå bås- til lausdriftfjøs, vil bli prioritert framfor større utvidingar innan mjølkeproduksjon eller nyetableringar og større utvidingar innen ammeku.

1b) All økologisk produksjon. På grunn av marknadssituasjonen blir det ikkje tilskott til utvidingar eller nyetablering på egg, svin, kylling og kalkun.

2) Planteproduksjon for salg.

3) Kraftfôrkrevande husdyrproduksjonar.

Utmåling av støtte:

Alle saker vert handsama individuelt. Lønsemd i prosjektet og søkjar sin økonomi vert vurdert.

Maksimalt tilskottsprosent er 35, avgrensa til maks 2 mill kr.

Ved generasjonsskifte kan mindre investeringar, inntil 1,5 mill kr, generere høgare tilskottsprosent. Det kan i tillegg bli gjeve tilskott til bruk av tre i driftsbygning,

Bygdenæring/Tilleggsnæring

Prosjekt innan lokalmat, landbruksbasert reiseliv, «inn på tunet», bioenergi og bruk av tre er velkomne!

Det kan bli gjeve tilskott til etableringsfase, bedriftsutvikling og/eller investering.

De finn meir informasjon om BU-midlane på Innovasjon Norge sine nettsider.

Kontakt landbrukskontoret om de har spørsmål eller treng hjelp.



SMIL

SMIL-midler skal bli brukt på tiltak i jordbrukslandskapet. Tiltak i utmarka fell i hovudsak utanom ordninga. Det kan vere gråsoner, t.d. beiteprega areal i seterområda.

SMIL-tilskot skal ikkje bli gjeve til lovpålagte tiltak og andre tiltak som inngår i ordinær jordbruksdrift. Areal som det blir søkt produksjonstilskott på, fell utanom ordninga, t.d. vedlikehald av gjerde, fjerning av gamle gjerde, rydding av areal og ordinær avfallshandtering.

Prioriterte tiltak

Kulturlandskap

- Rydding og inngjerding av gamal kulturmark som skal nyttast til beite. **Gjeld areal det ikkje er søkt produksjonstilskot på.**
- Rydding av stier og gamle ferdselsveger i landskapet.
- Tilskot avgrensa til 35% av godkjent kostnadsoverslag (KO) eller 30.000 kr pr. tiltak

Kulturminner/Kulturmiljø

- Verneverdige bygningar og kulturminne.
- Hus som ikkje lenger er i dagleg bruk. Tilskot avgrensa til 35% av godkjent KO.
- Seterhus/kårhus avgrensa til 20% av godkjent KO.
- Alle tiltak på bygningar er avgrensa til 100.000 kr pr. bygning.

Andre tiltak

- Utekveer og samleplassar for beitedyr.
- Etablering av permanente lagerplassar for rundball.
- Etablering av fangdammar.
- Tilskot avgrensa til 35% av godkjent KO eller kr 30.000 pr. tiltak.

For nærare informasjon om regelverk, satsar m.m. sjå heimeside til Sel kommune eller Vågå kommune, eller kontakt landbrukskontoret. SMIL-midlar søkjast via Altinn (Agros).

GRØFTING

Det er utført mykje grøfting av jordbruksareal dei seinare åra, men framleis er det behov mange stader. Det er mogleg å få tilskott til slikt tiltak, både frå staten og frå det kommunale landbruksfondet.

Statleg tilskott til drenering av jordbruksjord, utgjer 2 000 kr pr. dekar til systematisk grøfting, profilering og omgraving. Ved anna grøfting (som er det mest vanlege i Sel og Vågå) er det 30 kr pr. meter grøft, avgrensa til 2 000 kroner per dekar. **Det er eit vilkår at arealet tidlegare har vore grøfta.**

I det kommunale landbruksfondet utgjer tilskott til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving, 3 500 kroner pr. dekar. Ved anna grøfting kan det gjevast 40 kroner pr. meter grøft avgrensa til 3 500 kroner pr. dekar. **Det er *ikkje* vilkår om at arealet tidlegare har vore grøfta.**

Viss det blir løyvd statleg tilskott til systematisk grøfting, profilering og omgraving, blir det kommunale tilskottet redusert til 1 500 kroner pr. dekar. Ved anna grøfting blir det kommunale tilskottet redusert til 10 kroner pr. meter grøft avgrensa til 1 500 kroner pr. dekar.

Det statlege tilskottet søker du om via Altinn. Det kommunale tilskottet søker du om på skjema du får frå Landbrukskontoret.

VEGETASJONSRYDDING OG TILTAK I VASSDRAG

Det er i utgangspunktet ikkje tillate å snauhogge/fjerne vegetasjonen nærare vassdrag enn 10 meter. Dette gjeld vatn, elver og bekkar. Moderat tynning er tillate. Vegetasjonen skal hindre erosjon og forureining i vassdraget samt binde næringsstoff som renn til vassdraget.

Tiltak i vassdrag (graving mm) er søknadspliktig uansett tiltak. Det gjeld bl.a. reinsking av elv/bekkefar. Dumping/tipping av alle typar massar i vassdrag er ulovleg.

Har du spørsmål, ta kontakt med landbrukskontoret eller plan- og miljøkonsulentane i Sel/Vågå.

~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå
Edvard Stormsveg 2
2680 VÅGÅ~~

Tilsette på kontoret:

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,
e-post: piw@vaga.kommune.no

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,
e-post: kjersti.reksen@vaga.kommune.no

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,
e-post: bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no

Kjell Hølmo, tlf. 61 29 36 79/970 11743,
e-post: kjell.holmo@vaga.kommune.no

Jan Teigen, tlf. 61 29 36 78/ 994 51 073 (ny person kjem på plass i feb./mars
e-post: jan.teigen@vaga.kommune.no

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,
e-post: per.ekre@vaga.kommune.no

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: ol@mjosen.no

Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:
Ola Lusæter og Ivar Ulsand